

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG


Dato	07.07.2022
Vår referanse	2022/65792-3
Dykkar referanse	22/3289 - 22/47927
Sakshandsamar	Lillian Bakke Byrknes
E-post	Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no
Telefon	45638702

Uttale - dispensasjon tilbygg - bruksendring - gnr. 195 bnr. 77 - Alver kommune

Vi viser til førespurnad om uttale til dispensasjonssøknad frå Alver kommune, datert 21.06.2022. Saka gjeld søknad om bruksending av eksisterande fritidsbustad til bustad.

Uttale

Det er søkt om bruksendring av eksisterande bustad til fritidsbustad. Det vert også søkt om å legalisere eit tilbygg som vart bygga av tidlegare eigar. Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det det som i kommuneplanen for Lindås sin arealdel er definert som fritidsbustad. Tiltaka krev dispensasjon frå arealføremålet som er fritidsbustad i KPA og frå plankrav.



Utsnitt frå kommuneplanens arealdel i fylkesatlas til venstre, og utsnitt frå flyfoto til høgre.

Eigedomen ligg langs fylkesveg 5452 Leknesvegen, som er smal og har dårleg standard. Det er ikkje tilbod for mjuke trafikantar på strekninga. Ved bygging på enkelttomter, eller ved bruksendring i dette tilfellet, vert det ikkje sett av tilstrekkeleg med areal til utbetring av fylkesvegen på eit seinare tidspunkt.

Dersom kommunen gjev dispensasjon frå arealføremål og plankrav, ber vi om å få tilsendt søknad om dispensasjon frå byggegrense.

Det må også søkast om endra bruk av avkøyrsla i samband med bruksendring. Til den søknaden ber vi om å få ein revidert teikning for avkøyrsla som viser lengdeprofil i tillegg til svingradius og siktkrav etter handbok N100. Det er også viktig at det ikkje er fall til fylkesvegen for å hindre at overvatn samlar seg i fylkesvegen.

Vi ber om å få tilsendt kommunen sitt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Hege Løtveit

leiar

INV - Forvaltning Bergensområdet

Lillian Bakke Byrknes

rådgjevar

INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift